

# St.ppr. nr. 1 Tillegg nr. 4

(2008–2009)

FOR BUDSJETTÅRET 2009

## Om endring av St.ppr. nr. 1 om statsbudsjettet 2009 (nye løyve til oppdrett av laks, aure og regnbogeaure i 2009)

*Tilråding frå Fiskeri- og kystdepartementet av 7. november 2008,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regeringa Stoltenberg II)*

### 1 Bakgrunn

I «Strategi for en konkurransedyktig norsk havbruksnæring», som vart lagt fram i august 2007, gjorde regjeringa det kjent at det skulle leggjast opp til ein ny tildelingsrunde for laks, aure og regnbogeaure i 2009, jf. omtale i St.ppr. nr. 1 (2007–2008). I framlegget til statsbudsjett for 2009 – i St.ppr. nr. 1 (2008–2009) for Fiskeri- og kystdepartementet – står det at regjeringa har bestemt at det skal tildelast nye løyve til oppdrett av laks og aure i 2009, men at regjeringa tok sikte på å komme tilbake til Stortinget med talet på løyve og regional fordeling, tildelingsmåte og vederlag, kriterium og eventuelle vilkår og budsjettkonsekvensane i Tilleggsnr. til St.ppr. nr. 1.

### 2 Talet på løyve

Det står i «Strategi for en konkurransedyktig norsk havbruksnæring»: *Det vil bli gjennomført en ny runde med laksekonsesjoner i 2009. Videre tas det sikte på årlige tildelingsrunder tilpasset veksten i markedet, for å skape forutsigbare rammebetingelser for næringen.*

I 2002 og 2003 vart til saman 90 løyve delt ut i to rundar med fast vederlag. For dei fleste løyva vart vederlaget sett til 5 mill. kroner, som var i tråd med fleirtalssynet i Innst. O. nr. 123 (2000-2001) *om lov om endring i lov 14. juni 1985 nr. 68 om oppdrett av fisk, skalldyr m.v. (vederlag ved tildeling av konsesjoner for matfiskoppdrett av laks og aure)*. 10 av løyva prøvde ein å tildele i Finnmark mot eit vederlag på 4 mill. kroner. Løyva vart tildelte i 2002, men fråfalle pga. manglande innbetaling av vederlag. I 2003 melde ingen søkjrarar seg interesserte. I 2006 vart løyva i Finnmark tildelte i ein lukka bodrunde med prekvalifisering.

Etter tildelingane i 2002 og 2004 er rammevilkåra til lakseoppdrettsnæringa endra:

- 1. januar 2005, då avgrensinga av løyva vart endra frå merdvolum i kubikkmeter til Maksimalt Tillaten Biomasse (MTB) samtidig som forkvoteordninga vart avvikla. Dette innebar ein relativt betydeleg auke av produksjonstaket for dei gitte løyva.
- 1. januar 2006, då akvakulturlova tredde i kraft, jf. Ot.ppr. nr. 61 (2004-2005) *om lov om akvakultur* og Innst. O. nr. 99 (2004-2005).

Gjennom desse endringane er det klargjort at departementet ved konsesjonssystemet set eit øvre tak for produksjonskapasiteten, medan næringsaktørane sjølve har ansvar for å vurdere kor mykje av denne kapasiteten det er marknadsmessig tenleg å utnytte, og dei må uansett halde seg innanfor fastsett MTB, både på konsesjonsnivå og på lokalitetsnivå.

Departementet har, i vurderinga av kor mange løyve som skal tildelast i 2009, sett på omsynet til berekraftig vekst, medrekna miljø- og fiskehelseomsyn, marknadsutviklinga sidan 2005 og vidare marknadsutsikter og utviklinga hos andre store produsentland. Volumveksten i norsk laksenæringer har dei seinaste åra vore betydelig (7 % i 2005, 4 % i 2006, 21 % i 2007). Til no i år har slaktekvantumet auka med 4 % i høve til same periode i fjor. Overslag for vekst i slaktevolum for 2008 er på 3,5 – 4 % i høve til 2007 og 9 – 10 % for 2009 i høve til 2008. Dei seinaste åra har det utvikla seg ein vedvarande sjukdomssituasjonen i Chile. Det har samstundes vore ein jamn etterspørselsvekst etter oppdrettsslaks, på mellom 5 og 10 % årleg, men som no er venta å gå ned. Dette har ført til at laksenæringera i delar av landet er nær full utnytting av gjeldande MTB-grense.

Det er ikkje lett å seie kor raskt dei nye løyva vil gi auka produksjon fordi det heng saman med kven dei går til. Løyve som blir tildelte oppdrettarar med unytta, klarert lokalitets-MTB, kan bli utnytta i

2009. Aktørar som først må klarere nye lokalitetar og deretter setje ut utstyr og smolt, får ikkje slakteklar fisk før i 2010/2011.

På denne bakgrunn blir det lagt opp til å tildele 65 nye løyve til oppdrett av laks, aure og regnbogeaure i 2009.

Regjeringa ønskjer å utvikle og utvide den økologiske produksjonen innanfor havbruk, og ser på det som ein interessant produksjonsnisje med ein veksande marknad, særleg i EU og USA. Regjeringa legg difor opp til at 5 av dei 65 løyva som blir tildele i 2009 blir øyremerka søkjrarar som ønskjer å satse på økologisk havbruk.

### 3 Regional fordeling

På oppdrag frå Fiskeri- og kystdepartementet har Fiskeridirektoratet utarbeidd – etter samråd med Mattilsynet og Havforskingssinstituttet – ein rapport som vurderer kva geografiske område som er meir og mindre eigna for auka oppdrettsverksemd i 2009, sett ut frå omsynet til miljø og fiskehelse. Fiskeridirektoratet vurderer det slik at kysten sør for Hustadvika (Møre og Romsdal) – PD-sona – for tida er mindre eigna for ny vekst i lakseoppdrett, primært på grunn av pankreasjukdom (PD).

Regjeringa har vurdert regional fordeling av løyva med utgangspunkt i miljømessig berekraft og distrikts- og næringspolitiske omsyn. Finnmark har

Tabell 3.1

Fiskeridirektoratets regionar	Talet på matfiskløyve i dag	Fylke	Fordeling av dei nye løyva
Finnmark .....	83	Finnmark .....	7
Troms .....	86	Troms .....	8
Nordland .....	144	Nordland .....	15
Trøndelag .....	147	Nord-Trøndelag .....	7
Møre- og Romsdal .....	103	Sør-Trøndelag .....	8
Vest .....	233	Møre og Romsdal .....	5
Sør .....	80	Sogn og Fjordane .....	5
Økologiske .....		Hordaland .....	5
Totalt .....	876	Resterande kystfylke .....	0
			5
			65

Dei økologiske løyva er i utgangspunktet ikkje bundne til fylke eller region.

lågast utnyttingsgrad, medan produksjonstaket i form av tildelt MTB er nær ved å bli nådd i Troms, Nordland og Trøndelag. Ein har også vurdert kvar dei viktige villaksstammene er å finne og kvar belastningane er størst som følgje av lakselus og rømming. På grunn av den rådande miljø- og sjukdomssituasjonen meiner regjeringa at det bør tildelast relativt få løyve på Vestlandet, og at dei som blir tildelte blant anna blir nytta aktivt til å stimulere til å endre lokalitetar for å lette PD-nedkjempinga.

Før den neste tildelingsrunden vil Fiskeri- og kystdepartementet samarbeide med Miljøverndepartementet om eit heilskapleg fagleg grunnlag og utvikle kriterium for lokalisering av nye løyve som skal styrke omsynet til berekraft og villaks.

Det går fram av Ot.prp. nr. 10 (2008-2009) *Om lov om endringer i forvaltningslovgivningen mv. (gjennomføring av forvaltningsreformen)*, at fordelinga av havbruksløyve skal flyttast til regionalt folkevælt nivå. På denne bakgrunn vil fylkeskommunane bli gitt ei rolle i tildelingsrunden i 2009, jf. pkt. 5. Fylkeskommunane si nye rolle frå 2010 vil ikkje endre rolla til dei statlege fagetatane (Mattilsynet, Kystverket og Fylkesmannen) i behandlinga av nye eller større lokalitetar.

Konsulasjonen i 2009-runden vil innebere at den aktuelle fylkeskommunen uttalar seg om næringspolitiske vurderingar i lys av fylkesplanen, medrekna kvar i fylket det er ønskjeleg med meir oppdrettsverksam. Løyva vil bli tildelte på fylkesnivå. Fordelinga er framstilt i tabell 3.1.

## **4 Vederlag og tildelingsmåte**

### **4.1 Generelt**

Erfaringa frå tildelingsrundane i 2002 og 2003 viser at det var vilje til å betale for løyva med 5 mill. kroner, medan 4 mill. kroner var for mykje i Finnmark.

Ved fastsettjing av vederlaget kan det takast utgangspunkt i eit overslag over verdien til konsesjonen basert på objektive kriterium, dvs. utrekning av den avkastninga konsesjonen isolert kan gi. Utrekning av ein teoretisk verdi for ein konsesjon bygger på vurderingar av framtidig utvikling. Eit slikt overslag vil difor vere usikkert, særleg sett i lys av uroa i finansmarknaden. Vederlaget bør vere rimeleg sett i høve til den framtidige innteninga som konsesjonen gir høve til, slik at det er mogleg for drivaranane av konsesjonane å forrente den kapitalen som er nødvendig både til vederlaget og til dei andre innsatsfaktorane.

Omsynet til å hindre spekulasjon og vidaresatalar på den andre sida for at vederlaget blir sett relativt høgt. Vidare tilseier prisutviklinga i samfun-

net generelt og betre marginar innan lakseoppdrett også eit høgre vederlag enn i 2002- og 2003-rundane.

2009-tildelinga vil bli basert på faste vederlag og søknadsbehandling med prioritering ut frå visse kriterium, jf. pkt. 5. På denne bakgrunn blir vederlaget, bortsett frå i Finnmark, sett til 8 mill. kroner per løyve.

### **4.2 Vederlaget i Finnmark**

I 2002 vart 10 av løyva forsøkt tildelte i Finnmark mot eit vederlag på 4 mill. kroner. Løyva vart tildelte, men fråfalne pga. manglande innbetaling av vederlag. I 2003 vart løyva lyste ut på nytt til same pris, men ingen søkerar meldte seg. I 2006 vart løyva i Finnmark tildelte i ein lukka bodrunde med prekvalifisering. Løyva vart tildelte mot vederlag på mellom 50.000 kroner og 2,9 mill. kroner.

På denne bakgrunn bør det i Finnmark takast utgangspunkt i marknadspris for løyva i finnmarksrunden i 2006. Dei lågaste prisane var i Aust-Finnmark der infrastruktur og driftsforhold inneber større utfordringar enn i Vest-Finnmark.

Basert på dette blir vederlaget i Finnmark sett til 3 mill. kroner per løyve.

### **4.3 Samla proveny**

På bakgrunn av talet på løyve i pkt. 2, regional fordeling i pkt. 3 og storleiken på vederlaget i pkt. 4.1. og 4.2 vil statens samla inntekstproveny bli på inntil 485 mill. kroner, som blir foreslått løyvd på kap. 5309, post 29.

## **5 Kriteria, vilkår og vidare prosess for tildelinga**

Utveljing av søkerar vil skje etter søknadskonkurranse der det i prioriteringa særleg skal leggjast vekt på følgjande kriterium:

- *Mindre aktørar i næringa.*
- *Søkerarar som vil leggje til rette for auka bearbeidung med sikte på økonomisk integrasjon i kystdistrikta i Noreg.*

I den såkalla PD-sona, jf. pkt. 3, vil det i tillegg komme inn eit prioriteringsskriterium om å bruke tildelinga aktivt til å stimulere til å endre lokalitar for å lette PD-nedkjempinga.

For dei 5 løyva som er øyremerka *økologisk sertifisert produksjon* vil det vere eit vilkår at oppdrettsverksamda blir i samsvar med gjeldande produksjonsreglar for økologisk havbruk, dvs. EUs pro-

duksjonsreglar. Det er ein følgje av EØS-avtalen at nye reglar som no blir utarbeidde blir implementerte i norsk rett.

Det kan setjast vilkår som medverkar til at dei kriteria som er avgjerande for tildelinga blir etterlevde.

Det ligg til grunn at tildeling berre skal skje ved lokalisering i kommunar med kystsoneplan.

Fiskeri- og kystdepartementet vil med det første sende på høyring eit utkast til tildelingsforskrift der det blir gjort nærare greie for rammevilkåra for den kommande tildelingsrunden. Fylkeskommunen vil bli konsultert i spørsmål om skjønn knytt til kriteria og geografisk plassering innanfor fylket.

som frie midlar og blir utbetalt etter talet på nye løyve som blir tildelte i dei enkelte fylka. Løyvinga for dei økologiske oppdrettsløyva vil bli fordelt mellom dei fylkeskommunane der konsesjonane blir etablerte. Det er ein føresetnad at Fiskeri- og kystdepartementet ikkje gir tilsegn om støtte til fylkeskommunar før vederlaget for oppdrettsløyva i det aktuelle fylket er innbetalt.

I tillegg blir det foreslått auka løyving på 20 mill. kroner til tiltak for villakseen over Miljøverndepartementet sitt budsjett, kap. 1427, post 21.

**Fiskeri- og kystdepartementet**

**t i l r å :**

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endring av St.prp. nr. 1 om statsbudsjettet 2009 (nye løyve til oppdrett av laks, aure og regnbogeaure i 2009).

## **6 Andre tiltak i samband med tildelingsrunden**

---

I samband med tildelinga av nye løyve til oppdrett av laks, aure og regnbogeaure blir det fremma forslag om å løyve 3 mill. kroner per konsesjon til aktuelle fylkeskommunar over kap. 1050, ny post 60, totalt inntil 195 mill. kroner. Midlane blir løyvde

---

**Vi HARALD, Noregs Konge,**

**s t a d f e s t e r :**

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om endring av St.prp. nr. 1 om statsbudsjettet 2009 (nye løyve til oppdrett av laks, aure og regnbogeaure i 2009) i samsvar med eit vedlagt forslag.

## **Forslag**

### **til vedtak om endring av St.prp. nr. 1 om statsbudsjettet 2009 (nye løyve til oppdrett av laks, aure og regnbogeaure i 2009)**

#### I

I statsbudsjettet for 2009 blir det løyvd under følgjande kapittel:

#### Utgifter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
1050		Diverse fiskeriformål:	
	60 (ny)	Tilskot til fylkeskommunar .....	195 000 000
1427		Direktoratet for naturforvaltning	
	21	Spesielle driftsutgifter .....	224 326 000
		mot tidlegare foreslått kr 204 326 000	

#### Inntekter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
5309		Tilfeldige inntekter	
	29	Ymse .....	535 233 000
		mot tidlegare foreslått kr 50 233 000	

#### II

Tilskotet på inntil 195 mill. kroner til dei aktuelle fylkeskommunar utgjer 3 mill. kroner per løyve som blir tildelt. Det er ein føresetnad at Fiskeri- og

kystdepartementet ikkje gir tilsegn om støtte til fylkeskommunar før vederlaget for oppdrettsløyva i det aktuelle fylket er innbetalt.









Trykk: A/S O. Fredr. Amesen. November 2008

241-491